

Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: 28.10.2021 17:27:54
Til: Kjartan Medaas <kjartan.medaas@alver.kommune.no>
Kopi: 'Harald Mellingen' <hmelling@online.no>
Emne: VS: Nordbø 424/13 deling

Hei

Eg sender melding av 22. 10 (nedafor) på nytt, og legg ved (til orientering) dokumentasjon til ny søknad (som vert innsendt av tiltakshavar Harald Mellingen med utfylt søknadsskjema) om 2 naust og 4 utleigebustader.

Det manglar ikkje nabovarsling - det er også nabovarsla og søkt om eit tredje tiltak: forlenging av flytebyggja.

Som du også ser i avsnittet Analyse er det feil i det offentlege kartverket som ikkje kan forklarast med avtalar naboar mellom og som kommunen derfor bør retta opp på eige initiativ.

Mvh
Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921

Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: 22. oktober 2021 12:31
Til: 'kjartan.medaas@alver.kommune.no' <kjartan.medaas@alver.kommune.no>
Emne: Nordbø 424/13 deling

Hei

Harald Mellingen har sendt meg kopi av kommunens brev av 21. 10. 2021 ref 21 /7780 - 21 /641 97

Eg her bistått Harald Mellingen i nabovarslinga med orienterande notat og situasjonsplan med omsøkte delingslinjer.

Ingen merknader frå naboar.

Aktuelle delingslinjer kan leverast i .dwg, .dxf eller sosi.

Eventuelle dispensasjonsbehov må etter mitt skjønn alltid først vurderast av styresmakter som har fagleg innsikt i relevante reglar og planar. Naboar sine oppfatningar i dette spørsmålet er vanlegvis utan sakleg interesse.

Sett frå min ståstad er det ikkje behov for dispensasjonar i denne saka og difor heller ingen grunn til verken å nabovarsla eller søkja om dette i utgangspunktet.

Uansett må eventuelle dispensasjonsspørsmål løftast opp på politisk nivå.

Etter mitt skjønn bør Harald Mellingen kunna avventa kommunens handsaming slik kommunen skisserer i brevet :Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.....

Mvh

Siv. ing. Vidar Mjøs

vidar-mj@online.no

mob 907 88 921